



Flotte raude t-skjorter med den gamle logoen til HSD-bilane.

Interessa for t-skjortene med HSD-stoppeskilt Uskedal har vore svært stor siste veka, og skjortene med Uskedal på brystet er no nest mest selde av alle stoppestadene. No viser det seg at det ikkje berre er t-skjorter til dei som er opptekne av kystkultur. Dei som har interesse av køyretøy på fire eller fleire hjul, kan få kjøpt t-skjorter med HSD-bilane på brystet.

Vi kjenner til at bilentusiast Einar Gjertsen har sikra seg ei slik t-skjorte, og vi reknar det som sikkert at også uskedelingen Lars Wang har ei i sin garderobe. Han er jo som kjent ofte å finne bak rattet på 60-talsbussen til Veteranbussklubben som tidlegare gjekk i HSD-rute. Einar Gjertsen fortel at han hadde fast plass dagleg i denne bussen medan han gjekk på realskolen på Sunde. Mange andre har nok og gode minne frå turar med dei gode, gamle, raude HSD-bussane.

Desse t-skjortene kan ein få kjøpt i alle storleikar, men her slepp ein å velja farge. T-skjortene må jo vere raude slik bussane var. For å bestille, kan ein berre klikke inn på linken nedanfor:
<http://www.ferjekiosken.no/produkt/tekstiler/hsd-tekstiler/t-shirt-hsd-bilane>

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Einar Gjertsen.